

# Lokal forskrift om gebyr etter plan- og bygningsloven, matrikkellova og eierseksjonsloven for Valle kommune, Agder.

Heimel: Plan- og bygningsloven § 33-1, jf. byggesaksforskriften, matrikkellova § 32, jf. matrikkelforskriften og eierseksjonsloven § 15.

Vedtak: Valle kommune dd.mm 2021, sak xx/2021

Ikraftsetjing: 1. januar 2022

## Kapittel 1 – Generelle føresegner

### § 1.1 Formålet og verkeområdet til forskrifta

Forskrifta gir føresegner om betaling av gebyr for sakshandsaming kommunen gjer etter lover og forskrifter for følgjande gebyrtenester:

- Kapittel 2 i forskrifta: Private planforslag etter plan- og bygningsloven
- Kapittel 3 i forskrifta: Byggje-, dele- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningsloven
- Kapittel 4 i forskrifta: Seksjonering etter eierseksjonsloven
- Kapittel 5 i forskrifta: Oppmåling etter matrikkellova

Gebyr etter dette regulativ betalast etter faktura laga av kommunen. Kommunen kan krevje betaling før forretning gjennomførast, arbeid blir igangsett eller før løyve/vedtak fattast. Alle prisar er angitt i norske kroner. Det reknast ikkje meirverdiavgift på gebyr etter plan- og bygningsloven, matrikkellova eller eierseksjonsloven.

### § 1.2 Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr.

Kommunen krev i tillegg inn tinglysingsgebyr og dokumentavgift i saker der kommunen må forskotera dette.

### § 1.3 Tidspunkt for gebyrfastsetjing og fakturering

Gebyr etter plan- og bygningsloven og eierseksjonsloven reknast etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett sak blir motteke i kommunen, med mindre noko anna kjem fram av regulativet.

Gebyr for byggje-, dele- og dispensasjonssaker og seksjoneringsaker blir fakturert når vedtak fattast.

Private planforslag har to tidspunkt for fakturering; etter oppstartsmøtet og ved vedtak om offentleg ettersyn.

Gebyr etter matrikkellova reknast etter dei satsar som gjeld når saken fremmast, jf. matrikkelforskriften § 16. Oppmålingsgebyr vert som hovudregel fakturert i samband med delingsløyve. Grensejustering, klarlegging av eksisterande grenser og større areal som vert fakturert etter medgått tid vert fakturert etter at oppmålingsforretning er halden. Matrikulering i alle saker skjer etter gjennomført oppmålingsforretning.

Gebyret forfell til betaling 20 dagar etter fakturadato. Ved for sein betaling kjem purregebyr etter inkassoforskriften.

Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket er klaga på, eller det er søkt om reduksjon av gebyr.

### § 1.4 Gebyr og prisar i regulativet

Gebyra i regulativet reflekterer arbeidet kommunen har med dei ulike sakstypene og blir rekna i samsvar med sjølvkostprinsippet. Samla fakturert gebyr dekkjer sakshandsaming, administrasjonskostnader, tilsyn med vidare.

Gebyrregulativet blir vedtatt årleg av kommunestyret som har høve til å prisa gebyra lågare enn sjølvkost.

### § 1.5 Sakkunnig bistand

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, utsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadane for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg blir det fakturert for medgått tid for arbeidet kommunen har med å henta inn slik bistand.

### § 1.6 Klage

Når gebyret har heimel i plan- og bygningsloven § 33-1, matrikkellova § 32 eller eierseksjonsloven § 15, er det ikkje høve til å klaga på gebyret i den enkelte saka. Enkeltvedtak etter § 1.7 om urimeleg gebyr kan klagast på til Statsforvaltaren i Agder etter reglane i forvaltningsloven.

### § 1.7 Urimeleg gebyr

Dersom kommunen etter eiga vurdering ser på gebyret som klart urimeleg, kan gebyret setjast ned. Søknad om redusert gebyr utset ikkje betalingsfristen.

### § 1.8 Avslag

Sakshandsaminga vurderast som avslutta dersom det ikkje er sendt klage innan utløpet til klagefristen. For å etterleva sjølvkostreglane skal det ved avslag betalast 100 % av ordinært gebyr. Beløpet blir ikkje godskrive ved ny eller endra søknad.

### § 1.9 Tilbaketrekking av søknad

Dersom søknad blir trekt tilbake, skal søker betala ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i handsaminga av søknaden. Det kjem fram av regulativet kor mykje som skal betalast.

### § 1.10 Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta blir det meint med:

- a. pbl: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).
- b. Mtl: Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova).
- c. Eiersl: Lov om eierseksjoner (eierseksjonsloven).
- d. SAK: Forskrift om byggesak (byggesaksforskriften).
- e. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
- f. Søknadspliktige tiltak: Tiltak definert i plan- og bygningsloven §§ 20-1, 20-2, 20-3, 20-4.
- g. Grunngelyr: Gebyr som skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- h. Sakshandsamingsgebyr: Gebyr som skal dekkje oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
- i. Registreringsgebyr: Gebyr som skal dekkje arbeidet med oppgåvene knytt til registrering i matrikkelen. Gebyret betalast per matrikkeleining, per brukseining eller per endring av brukseining.
- j. Tiltaksklasse: Inndeling av oppgåver i tiltaket basert på vanskegrad, kompleksitet og konsekvensar av manglar og feil, jf. SAK § 9-4.
- k. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister kor kvar eigedom har eit unikt nummer beståande av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom bruket ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer har disse verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneigedoms-, Adresse- og Bygningsregisteret).
- l. Eigedom: Fast eigedom definert med eit eiga gards- og bruksnummer, festenummer og/eller seksjonsnummer i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lovgivinga om eigarseksjonar blir rekna som sjølvstendig eigedom.
- m. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), f.eks. bueining, garasje, annekst/uthus, kontoreining, verkstad og lager.
- n. Bu-eining: Brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, slik som stue, kjøkken, soveplass, bad og toalett, og har eiga inngang og er fysisk skilt frå andre einingar, jf. SAK § 2-2.
- o. Bygningstype: Standardisert kategorisering av den enkelte bygning etter NS-3457. Bygningstypar frå 111 til 199 høyrer til bygningshovudgruppe Bustad. Bygningstypar frå 211 til 840 er alt anna enn bustad.
- p. Bruksareal (BRA): Bruksareal for eigedom som er registrert i matrikkelen og rekna med utgangspunkt i NS-3940.
- q. Daa: Dekar, 1.000 kvadratmeter.
- r. Vnr.: Varenummer.

## Kapittel 2 – Private planforslag (reguleringsplanar)

### § 2.1 Generelt

Det skal betalast gebyr for alle private planforslag for arbeidet til kommunen fram til det blir avgjort om forslaget skal leggast ut på høyring etter plan- og bygningsloven § 12-11. I plansaker er tidspunktet for fakturering delt opp; første faktura blir sendt ut etter oppstartsmøtet, andre faktura blir sendt ut i samband med vedtak om offentleg ettersyn. I saker som blir avslutta før fullstendig planforslag er lagt fram, eller før offentleg ettersyn, blir gebyret fakturert når saka blir avslutta.

### § 2.2 Timepris

For dei tenester som ikkje blir omfatta av dette regulativet kan det reknast gebyr etter medgått tid. Timesatsen dekkjer òg støttefunksjonar og administrasjon av tenesta.

Timepris		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid i private plansaker	Per time	Kr X,-

### § 2.3 Oppstartsmøte og andre møter

Gebyret for oppstartsmøtet dekkjer førebuing, deltaking i møtet samt referat og etterarbeid som kommunen har. Ved behov for andre møter mellom forslagsstillar/plankonsulent og kommunen/sakshandsamar i løpet av heile planprosessen skal det betalast tilleggsgebyr.

Oppstartsmøte, jf. pbl § 12-8		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppstartsmøte	Per møte	Kr X,-
Vnr. Y	Underveismøter / dialogmøter	Per møte	Kr X,-

### § 2.4 Gebyr for handsaming av privat planforslag, jf. pbl § 12-11

Samla gebyr består av gebyr etter § 2.4.1 til § 2.4.6. Alle planforslag betalar for grunngjebyr etter § 2.4.1. Føresegner i §§ 2.4.2 - 2.4.6 er tilleggsgebyr og skal betalast i tilfelle der planforslaget møter krava for dei enkelte tilleggsgebyra.

#### § 2.4.1 Grunngjebyr

Grunngjebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Private planforslag	Per søknad	Kr X,-

#### § 2.4.2 Planar med konsekvensutgreiing

For planforslag som krev konsekvensutgreiing (KU) skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For planar som krev konsekvensutgreiing	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr ved fleire enn 2 utgreiingstema	Per planforslag	Kr X,-

#### § 2.4.3 Forhold til overordna planer i kommunen

Dersom planforslaget er i strid med kommuneplanen betalast eit tilleggsgebyr.

Planforslagets forhold til overordna planer		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	I strid med kommuneplan	Per planforslag	Kr X,-

#### § 2.4.4 Arealformål i planforslaget

Det skal betalast tilleggsgebyr dersom planforslaget inneheld over 4 arealformål/omsynssoner. Arealformål i planforslaget blir definert etter underformål i vedlegg I i kart- og planforskriften.

Arealformål		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Over 4 arealformål/omsynssoner	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Tillegg per arealformål/omsynssone over 4	Per arealformål/omsynssone	Kr X,-

#### § 2.4.5 Gebyr for tal på einingar for busetnad

Dersom planforslaget inneheld fleir enn 10 einingar kjem tilleggsgebyr.

Tal på einingar		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Frå og med 11 til og med 49 einingar	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Frå og med 50 einingar	Per planforslag	Kr X,-

### § 2.4.6 Planforslag i sentrum

Dersom planforslaget gjeld områder i sentrum av Valle, skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Plan i sentrumsområde		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Planforslag i sentrum	Per planforslag	Kr X,-

### § 2.5 Utfylling og endring av plan

Ved utfylling eller endring av plan skal det betalast gebyr. Det same gjeld dersom det blir søkt om dispensasjon.

Utfylling og endring av plan		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Endringar i reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen som kun gjeld føresegn, jf. pbl § 12-14 andre ledd	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Endringar i reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen som gjeld føresegn og plankart, jf. pbl § 12-14 andre ledd	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Endringar som blir behandla som ny plan i samsvar med pbl § 12-14 første ledd	Per søknad	Fullt gebyr

### § 2.6 Mangelfulle plandokument som kommunen må rette opp

Planforslaget sendast i retur dersom det ikkje er komplett. Kommunen kan i særskilte tilfelle korrigere mindre feil i plandokument og kartgrunnlag sjølv etter avtale.

Mangelfulle plandokument som kommunen må rette opp		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr dersom kommunen korrigerer mindre feil	Per planforslag	Kr X,-

### § 2.7 Tilbaketrekking av planinitiativ/planforslag

Ved trekk av planforslag eller manglande oppfølging frå forslagsstillar skal forslagsstillar betala ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga.

Dersom det ikkje er varsla oppstart av plan innan 8 månadar etter gjennomført oppstartsmøte, blir saka avslutta og nytt oppstartsmøte må bli haldt på nytt før nytt varsel om oppstart av plan kan kunngerast.

Dersom komplett planforslag ikkje er motteke innan 12 månadar etter varsla oppstart, blir saka avslutta og nytt oppstartsmøte må bli haldt før nytt varsel om oppstart av plan kan kunngerast.

Trekk av søknad		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For søknadar som trekkjast etter varsel om oppstart, men før innsendt planforslag er mottatt	Per planinitiativ	Oppstartsmøte + evt. Andre møter
Vnr. Y	For sak som avsluttast etter mottatt planforslag, men før fyrstegangsvedtak	Per planforslag	50 % av gebyr etter § 2.4
Vnr. Y	For sak som avsluttast etter fyrstegangsvedtak	Per planforslag	Fullt gebyr

## Kapittel 3 – Bygginge-, dele- og dispensasjonssaker

### § 3.1 Generelt

For alle søknadspliktige tiltak etter pbl skal det reknast grunngebyr, sakshandsamingsgebyr og registreringsgebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. For tiltak som er unntatt søknadsplikt skal det reknast registreringsgebyr dersom tiltaket skal førast i matrikkel.

### § 3.2 Tilsyn etter plan- og bygningsloven

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak blir gjennomført i samsvar med føresegner gitt i eller med heimel i plan- og bygningsloven. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekke ulovlegheit og virke førebyggjande. Inntil 10 % av gebyret skal dekkje tilsynsverksemda til kommunen.

### § 3.3 Ulovlegheitsoppfølging

Der kommunen har gjort ulovlegheitsoppfølging og det i ettertid blir innsendt komplett søknad for ulovleg igangsett eller utført tiltak, betalast gebyr i samsvar med arten til tiltaket etter dette regulativ.

Tvangsmulkt og/eller overtredelsesgebyr etter føresegnene i plan- og bygningsloven §§ 32-5 og 32-8 kan kome i tillegg.

### § 3.4 Timepris

For dei tenester som ikkje er omtalt i regulativet, men som krev handsaming etter pbl, gjeld gebyr etter medgått tid. Timesatsen dekkjer blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon. Timesatsen gjeld også for søknader etter pbl kapittel 18.

Timepris		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid etter plan- og bygningsloven	Per time	Kr X,-

### § 3.5 Rabatt

For søknader som blir sendt elektronisk og/eller er komplette ved første gangs innsending, blir det gitt følgjande reduksjonar i gebyret:

Rabatt		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Reduksjon i gebyr ved elektronisk søknad	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Reduksjon i gebyr ved komplett søknad	Per søknad	Kr X,-

### § 3.6 Mangelfull søknad

Ved retur kjem det gebyr. Ein søknad kan returnerast dersom søknaden er mangelfull og ikkje komplett i samsvar med krava i SAK kapittel 5. Dersom søker ikkje har komplett søknad etter første mangelbrev frå kommunen, kjem det gebyr for kvart følgjande mangelbrev som blir sendt.

Mangelfull søknad		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Utsending av mangelbrev frå og med det andre	Per mangelbrev	Kr X,-
Vnr. Y	Retur av søknad ved vesentlege manglar	Per søknad	Kr X,-

### § 3.7 Grunnggebyr

Grunnggebyret skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis mottakskontroll. Ferdigattest som utstedes i løpet av fem år etter opphavleg byggeløyve dekkjast også av grunnggebyret.

Grunnggebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknadspliktige tiltak	Per søknad	Kr X,-

### § 3.8 Registreringsgebyr

For tiltak etter pbl skal det betalast registreringsgebyr som skal dekkje kostnadene knytt til arbeid som må bli gjort i matrikkelen. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på brukseiningar og det skal betalast eit registreringsgebyr per brukseining. Gebyret skal og betalast ved endring av brukseining.

Registreringsgebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknadspliktige tiltak	Per brukseining	Kr X,-

### § 3.9 Førehandskonferanse

For nærare avklaring av rammer og innhald i tiltaket kan det bli heldt førehandskonferanse og andre møter mellom tiltakshavar, kommunen og andre aktuelle fagmynde. Kommunen kan pålegga tiltakshavar førehandskonferanse dersom dei ser behov for det.

Førehandskonferanse etter pbl § 21-1		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Førehandskonferanse	Per møte	Kr X,-
Vnr. Y	Andre møter	Etter medgått tid	Kr X,-

### § 3.10 Dispensasjonssøknad

Tiltak som ikkje stemmer med føresegner i lov, forskrift eller plan krev søknad om dispensasjon. Dispensasjonsgebyret kjem i tillegg til andre gebyr.

Dispensasjon etter pbl § 19-1		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon frå plankrav i kommune- og reguleringsplan, arealbruk	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon frå avstandskravet langs sjø og vassdrag	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon frå grad av utnytting, regulert byggjelinje, etasjetall, høgde i plan, veglovens føresegner mv.	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon frå andre forhold i plan og/eller pbl med tilhøyrande forskrifter, samt andre forhold som ikkje er særskilt nemnt	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon for tiltak på eksisterande bygningar i LNF-områder i tråd med gjeldande retningslinjer.	Per forhold	Kr X,-
Vnr. Y	Søknad om dispensasjon i gamle reguleringsplanar utan inntegna byggegrense på tomter mot vassdrag	Per forhold	Kr X,-

For tiltak som handsamas etter pbl § 20-4 a, b, c og e, eller unntakas etter pbl § 20-5 faktureres 50 % av gebyr etter tabellen over.

Dersom dispensasjonssøknaden inneheld søknad om dispensasjon frå fleire forhold, vil berre dei to dyraste gebyrleggast etter tabellen over, mens kvart påføljande forhold koster kr X.

### § 3.11 Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak

Gjeld for søknadspåttige tiltak som blir handsama iht. pbl § 20-1 m. Grunnegebyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

Frådeling mv., jf. pbl § 20-1 m		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom, inkludert søknad om frådeling av grunneigedom og innløysing av festetomt (deling) i <u>regulert</u> område	Per matrikkeleining	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom, inkludert søknad om frådeling av grunneigedom og innløysing av festetomt (deling) i <u>uregulert</u> område	Per matrikkeleining	Kr X,-
Vnr. Y	Vedtak om arealoverføring	Per arealoverføring	Kr X,-

For søknadspåttige tiltak som blir handsama iht. pbl § 20-1, jf. § 20-4 og tiltak som kan forestås av tiltakshavar jf. SAK §§ 3-1 og 3-2 skal det betalast følgjande gebyr. Grunnegebyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre tiltak på bebygd eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Alminnelege driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Midlertidige bygningar mv. jf. pbl § 20-4 c	Per søknad	Kr X,-

### § 3.12 Søknadspåttige tiltak med krav om ansvarleg føretak (med ansvarsrett)

Søknad, prosjektering og utføring av tiltak som skal forestås av føretak med ansvarsrett. Grunnegebyr kjem i tillegg til sakshandsamingsgebyret. Det same gjeld registreringsgebyr dersom tiltaket er registreringspåttig i matrikkelen.

#### § 3.12.1 Oppføring, tilbygging, påbygging, underbygging eller plassering av bygning, konstruksjon eller anlegg, inkludert vesentleg endring eller reparasjon

For bygningar som er kombinasjonsbygg (både bustadformål og annett enn bustadformål) blir kvart enkelt formål gebyrlagt.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1, a og b		Utrekningseining	Gebyr
<b>Bustad og fritidsbustad:</b>			
Vnr. Y	<b>Bustad/fritidsbustad til og med 2 bueiningar</b> Bygningstype 111-124, 161-163	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Rekkehus, kjedehus og andre småhus</b> Bygningstype 131-136	Per bu-eining, inntil 4 bu-einingar per bygg	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Store bustadbygg</b> Bygningstype 141-159	Per bueining, inntil 4 bu-einingar per bygg	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustad og fritidsbustad:</b> Bygningstype 111-172	Per bygg	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Garasje, uthus, anneks, naust mv. til bustad:</b> Bygningstype 181-199	Per bygning	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Tillegg i antikvarisk område</b>	Per søknad	Kr X,-

<b>Anna enn bustad:</b>		<b>Utrekningseining</b>	<b>Gebyr</b>
Vnr. Y	<b>Fabrikk-/industribygg ol.</b> Bygningstype: 211-219	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Energiforsyningsbygg, bensinstasjon ol.</b> Bygningstype: 221-229;323	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Lager-, landbruks-, parkeringsbygg ol.</b> Bygningstype: 231-249;421-439	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Offentleg tilgjengelege publikumsbygg, sjukehus og andre bygg for behandling ol.</b> Bygningstype: 311-322;329-429;441-449;710-829	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Bygg for overnatting mv.</b> Bygningstype: 511-529	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Bygg for servering mv.</b> Bygningstype: 531-539	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Undervisnings-, kultur-, museums-, kyrkjebygg ol.</b> Bygningstype: 611-649;661-669;671-679;830-840	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Idrettsbygg ol.</b> Bygningstype: 651-659	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Kulturbygg mv</b> Bygningstype: 661-669	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Sjukehus og andre bygg for behandling</b> Bygningstype: 710-729	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	<b>Tilbygg og påbygg mv. for anna enn bustad</b> Bygningstype 211-840	Per søknad*	Kr X,-
Vnr. Y	* Tillegg per brukseining utover to	Per brukseining	Kr X,-

<b>Røyranlegg, leidningsanlegg, basseng mv.</b>		<b>Utrekningseining</b>	<b>Gebyr</b>
Vnr. Y	Røyranlegg, leidningsanlegg mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Symjebasseng, dam/brønn og liknande	Per søknad	Kr X,-

### § 3.12.2 Fasadeendring

<b>Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c</b>		<b>Utrekningseining</b>	<b>Gebyr</b>
Vnr. Y	Fasadeendring	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg med kulturminneinteresse	Per søknad	Kr X,-

### § 3.12.3 Bruksendring eller vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

Grunngebyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

<b>Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d</b>		<b>Utrekningseining</b>	<b>Gebyr</b>
Vnr. Y	Bruksendring mv. med endring av bygning, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	50 % av gebyret etter § 3.12.1
Vnr. Y	Bruksendring mv. utan endring av bygning, tekniske installasjonar mv.	Per søknad	30 % av gebyret etter § 3.12.1

### § 3.12.4 Riving av tiltak som nemnt i pbl § 20-1 a

Grunngebyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

<b>Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e</b>		<b>Utrekningseining</b>	<b>Gebyr</b>
Vnr. Y	Rivning mv. av bygg, konstruksjon, anlegg inntil 100 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Rivning mv. av bygg, konstruksjon, anlegg over 100 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-

### § 3.12.5 Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar

Grunngebyr og eventuelt registreringsgebyr kjem i tillegg.

<b>Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f</b>		<b>Utrekningseining</b>	<b>Gebyr</b>
Vnr. Y	Sanitærinstallasjonar, ventilasjons-/sprinklar-/antenne-/solcelleanlegg, forstøtningsmur og liknande	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Skorstein, eldstad, heis ol.	Per tiltak	Kr X,-

### § 3.12.6 Oppdeling eller samanføyning av brukseiningar for bustad

Grunngebyr og registreringsgebyr kjem i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Samanføyning av brukseiningar for bustad mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Oppdeling av brukseiningar for bustad mv.	Per ny bu-eining	Kr X,-

### § 3.12.7 Oppføring av innhegning mot veg, plassering av skilt- og reklameinnretningar

Dersom tiltaka under inngår i søknad etter kapittel 20 i pbl, skal det ikkje krevjast separat gebyr. For tiltak etter denne føresegna kjem grunngebyr i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h og i		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Innhegning mot veg (eksempelvis støyskjerm eller gjerde)	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Enkelt skilt eller reklame	Per søknad	Kr X,-

### § 3.12.8 Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg

Grunngebyr kjem i tillegg. For bygg som skal stå lenger enn fire månader, kjem registreringsgebyr i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Plassering av midlertidige bygningar mv. som skal stå i inntil 2 år	Per søknad	Kr X,-

### § 3.12.9 Vesentleg terrenginngrep

Grunngebyr kjem i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k		Utrekningseining	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Vnr. Y	Vesentlege terrenginngrep	Per søknad	Kr X,-	Kr X,-	Kr X,-

### § 3.12.10 Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass

Grunngebyr kjem i tillegg.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 l		Utrekningseining	Tiltaksklasse 1	Tiltaksklasse 2	Tiltaksklasse 3
Vnr. Y	Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass	Per tiltak	Kr X,-	Kr X,-	Kr X,-

### § 3.13 Søknad om endring av gitt løyve

Ved søknad om endring av gitt løyve kjem det gebyr så fremt endringane ikkje dekkes av andre føresegner i regulativet. For søknad om endring av gitt løyve kjem nytt grunngebyr.

Søknad om endring av gitt løyve		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Ved mindre endringar av godkjent søknad, som krev nytt vedtak, betalast ein del av ordinært sakshandsamingsgebyr (unntatt dispensasjon) for ny søknad	Per søknad	20 % av sakshandsamingsgebyr
Vnr. Y	Ved større endringar av godkjent søknad, som krev nytt vedtak, betalast ein del av ordinært sakshandsamingsgebyr (unntatt dispensasjon) for ny søknad	Per søknad	50 % av sakshandsamingsgebyr

Mindre endring: Krev ingen endring i matrikkelen.

Større endring: Krev endring i matrikkelen. Til dømes at det gjeld endring av areal på tiltaket.

Er endringane så store at søknaden blir å sjå på som ny sak, betalast fullt gebyr. Det skal betalast fullt gebyr ved ny handsaming av tidlegare godkjent byggetiltak. Dersom endringa krev ny søknad om dispensasjon, betalast i tillegg gebyr etter § 3.10.

### § 3.14 Tilbaketrekking av søknad

Ved tilbaketreking av søknad skal tiltakshavar betale ein del av gebyret avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga.

Trekking av søknad		Utrekningseining	Grunngebyr	Sakshandsamingsgebyr
Vnr. Y	For søknader som blir trekte etter innsendt søknad, men før påbyrja sakshandsaming	Per søknad	100 %	0 %
Vnr. Y	For søknader som blir trekte etter påbyrja sakshandsaming og før vedtak	Per søknad	100 %	50 %
Vnr. Y	For sak som blir avslutta etter sakshandsaming og etter vedtak	Per søknad	100 %	100 %

### § 3.15 Andre vurderingar

For andre vurderingar kjem ikkje grunngebyr i tillegg. For tiltak på eksisterande byggverk kan registreringsgebyr kome i tillegg.

Andre vurderingar		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Tiltak på eksisterande byggverk (unntak frå TEK), pbl § 31-2, 4. ledd	Per fråvik	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av sjølvbygaransvar, SAK § 6-8	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av føretak som ikkje oppfyller krava til utdanning mv. i SAK, pbl § 23-8, jf. SAK § 11-4	Per føretak	Kr X,-



### § 3.16 Igangsetjingsløyve

For igangsetjingsløyve kjem ikkje grunn- eller registreringsgebyr i tillegg.

Igangsetjingsløyve jf. Pbl § 20-3		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Igangsetjingsløyve	Per løyve	Kr X,-

### § 3.17 Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år sidan opphavleg byggjeløyve ble gitt

For midlertidig bruksløyve og søknad om ferdigattest kjem ikkje grunnggebyr i tillegg.

Midlertidig bruksløyve og ferdigattest		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Ferdigattest der det har gått meir enn 5 år sidan opphavleg byggjeløyve ble gitt	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Midlertidig bruksløyve	Per søknad	Kr X,-

## Kapittel 4 – Eigarseksjonering

### § 4.1 Generelt

Ved søknad om løyve til å seksjonere ein eigedom etter eierseksjonsloven skal det reknast gebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. Ved tilleggsareal i grunn kjem det gebyr for oppmålingsforretning i tillegg, sjå kapittel 5.

### § 4.2 Timepris

For dei tenester som ikkje blir omfatta av dette regulativ kan det blir rekna gebyr etter medgått tid. Timesatsen dekkjer også støttefunksjonar og administrasjon av tenesta. tid.

Timepris		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid etter eierseksjonsloven	Per time	Kr X,-

### § 4.3 Grunngbyr

Grunngbyret skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis mottaks kontroll.

Grunngbyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Grunngbyr	Per søknad	Kr X,-

### § 4.4 Oppretting av eigarseksjonar, nybygg og eksisterande bygg

Maksimalt gebyr skal ikkje bli høgare enn tre gonger satsen for inntil tre seksjonar.

Oppretting av eigarseksjonar, nybygg og eksisterande bygg		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Frå ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr X,-

### § 4.5 Reseksjonering, endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige

Maksimalt gebyr skal ikkje bli høgare enn tre gonger satsen for inntil tre seksjonar.

Reseksjonering, endring av eigarseksjonar i seksjonert sameige		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Frå ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr X,-

### § 4.6 Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Ved sletting eller oppheving av seksjonert sameige betalast gebyret per ny grunneigedom.

Sletting/oppheving av seksjonert sameige		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sakshandsamingsgebyr for å slette seksjonar på ein eigedom	Per grunneigedom	Kr X,-

### § 4.7 Synfaring

Synfaring av eigedom blir utført når kommunen finner det nødvendig ved handsaming av saken. Gebyret kjem i tillegg til grunngbyr og sakshandsamingsgebyr.

Synfaring		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for synfaring	Per synfaring	Kr X,-

## Kapittel 5 – Oppmålingsforretning

### § 5.1 Generelt

Alle oppmålingsforretningar etter matrikkellova skal betale gebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. Gebyr for arbeid etter matrikkellova skal betalast etter reglar og satsar som gjeld den dagen saka blir fremma for kommunen. Kommunen kan i tillegg krevje dekning for nødvendige tingløyingsgebyr og eventuell dokumentavgift.

Samanslåing av eigedomar er unntatt gebyr.

I vinterperioden frå 1. oktober til 1. mai kan tidsfristen på 16 veker bli fråvika utan at det medfører avkorting av gebyrsatsane. I de deler av kommunen som ligg over høgdekote 500 meter settast fristen til mellom 1. oktober og 1. juni. Føresetnaden for at dette skal gjera gjeldande er at snø og tele gjer det vanskeleg eller umogleg å utføre oppmålingsarbeid, jf. matrikkelforskriften § 18 tredje ledd.

### § 5.2 Oppretting av matrikkeleining

#### § 5.2.1 Oppretting av grunneigedom og fest grunn

Oppretting av grunneigedom og fest grunn		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Areal frå 0 – 500 m <sup>2</sup> + punktfeste	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Areal frå 501 m <sup>2</sup> – 2000 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Areal frå 2001 m <sup>2</sup>	Auke per påbegynt daa	Kr X,-

Ved samtidig oppmåling av 2 eller fleire tilgrensande tomter som er rekvirert av same rekvirent, vert det gjeve reduksjon i pris på 15% av gebyret frå tomt nr. 2.

### § 5.3 Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn

Matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Areal frå 0 – 500 m <sup>2</sup> + punktfeste	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Areal frå 501 m <sup>2</sup> – 2000 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Areal frå 2001 m <sup>2</sup>	Auke per påbegynt daa	Kr X,-

Dersom matrikulering vert gjennomført utan oppmålingsforretning, vert gebyret sett til kr X.

### § 5.4 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon

Oppmåling av uteareal på eigarseksjon		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Areal frå 0 – 250 m <sup>2</sup>	Per eigarseksjon	Kr X,-
Vnr. Y	Areal frå 251 m <sup>2</sup> – 2000 m <sup>2</sup>	Per eigarseksjon	Kr X,-
Vnr. Y	Areal frå 2001 m <sup>2</sup>	Auke per påbegynt daa per eigarseksjon	Kr X,-

Se kapittel 4 for gebyr for seksjoneringssaker.

### § 5.5 Oppretting av anleggseigedom (volumeigedom, t.d. tunnel)

Gebyr for oppretting av grunneigedom. Det er m<sup>2</sup> som er grunnlag for gebyr, ikkje volum.

Oppretting av anleggseigedom		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Areal frå 0 – 2000 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Areal frå 2001 m <sup>2</sup>	Auke per påstarta daa	Kr X,-

#### § 5.5.1 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid. Se § 5.15 for timepris.

### § 5.6 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Gebyret vert som i punkta 5.2.1, 5.3, 5.5 og 5.5.1, pluss eit tillegg på kr. X,-

### § 5.7 Avbrot i oppmålingsforretning eller matrikulering

Gebyr for utført arbeid når saka vert trekt før den er fullført, må avvisast, eller at saka ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve eller av andre grunnar ikkje kan sluttførast, er sett til 1/3 av gebyrsatsane i §§ 5.2 - 5.6.

### § 5.8 Grensejustering

#### § 5.8.1 Grunneigedom, fest grunn og jordsameige

Ved gebyr for grensejustering kan ein justere arealet på ein eigedom med inntil 5 % av storleiken på eigedomen. Ein kan maksimalt endre storleiken med 500 m<sup>2</sup>. Ein eigedom kan likevel ikkje gje frå seg areal som til saman vert meir enn 20 % av arealet til eigedomen sitt areal før justeringa.

Grensejustering av grunneigedom, fest grunn og jordsameige		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Areal frå 0 – 250 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Areal frå 251 m <sup>2</sup> til 500 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-

## § 5.8.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet justeras med inntil 5 % av anleggseigedommen sitt volum, men den maksimale justeringa kan ikkje vere meir enn 1000 m<sup>3</sup>

Grensejustering av anleggseigedom		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Volum frå 0 – 250 m <sup>3</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Volum frå 251 m <sup>3</sup> til 1000 m <sup>3</sup>	Per søknad	Kr X,-

## § 5.9 Arealoverføring

### § 5.9.1 Grunneigedom, festgrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing gjennomførast. Arealoverføring utløyer dokumentavgift. Dette gjeld ikkje arealoverføring til veg- og jernbaneføremål.

Arealoverføring av grunneigedom, festgrunn og jordsameige		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Areal frå 0 – 250 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Areal frå 251 m <sup>2</sup> til 500 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Areal over 501 m <sup>2</sup>	Auke per nytt påstarta 500 m <sup>2</sup>	Kr X,-

### § 5.9.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan det volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ein annan, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom krava for samanføyning er til stades. Matrikkeleininga skal vere eit samanhengande volum.

Arealoverføring av anleggseigedom		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Volum frå 0 – 500 m <sup>3</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Volum frå 501 m <sup>3</sup>	Auke per nytt påstarta 500 m <sup>3</sup>	Kr X,-

## § 5.10 Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning

Klarlegging av eksisterande grense der grensa tidlegare er koordinatbestemt ved oppmålingsforretning		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For inntil 2 punkt	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Over overskytande grensepunkt	Per punkt	Kr X,-

Gebyret skal ikkje bli høgare enn fullt gebyr etter punkt 5.2.1.

## § 5.11 Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt (skyldskifteieigedom) eller klarlegging av rettar

Klarlegging av eksisterande grense der grensa ikkje tidlegare er koordinatbestemt (skyldskifteieigedom) eller klarlegging av rettar		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For areal inntil 2.500 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For areal over 2.500 m <sup>2</sup> – 10.000 m <sup>2</sup>	Per søknad	Kr X,-

Klarlegging av rettar vert fakturert etter brukt tid. Se § 5.15 for timepris.

## § 5.12 Privat grenseavtale og matrikkelføring

Privat grenseavtale og matrikkelføring		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For inntil 2 punkt eller 100 m grenselengde	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For kvart nytt punkt eller påbegynt 100 m grenselengde	Per punkt/påbegynt 100 m	Kr X,-

Det kan gjerast avtale om at ein kan rekne gebyr etter brukt tid. Se § 5.15 for timepris.

## § 5.13 Endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saka

Dersom rekvirenten under sakens gang gjer endringar i grunnlaget for matrikkelføring av saken, vert gebyret likevel oppretthalde.

## § 5.14 Utskriving av matrikkelbrev

Matrikkelbrev		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Matrikkelbrev inntil 10 sider	Per brev	Kr X,-
Vnr. Y	Matrikkelbrev over 10 sider	Per brev	Kr X,-

Endring i maksimalsatsane regulerast av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga.

## § 5.15 Timepris for arbeid etter matrikkellova

For alt arbeid som ikkje kan reknast etter dei faste satsane over, reknast ein timepris på (skal ikkje leggst til MVA):

Timepris		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Kontorarbeid (for- og etterarbeid)	Per time	Kr. X,-
Vnr. Y	Markarbeid	Per time	Kr. X,-

#### KOMMENTAR TIL NOKRE AV PUNKTA:

§ 5.3: Gjeld oppmålingsforretning av eksisterande umatrikulert grunn. Gebyret utløyser ei oppmålingsforretning. Gjer den ikkje det, vert det foreslått at gebyret vert satt til kr. 5 000,- (Kfr. tidlegare registreringsbrev) Registreringsbrev kosta i 2009 kr. 3 372,- Prisen satt til kr. X,- er relativ høg, men det er med tanke på at dokumentasjonen vil vere same høge krav til.

§ 5.4: Oppmåling av uteareal til den enkelte seksjon. **Pr eigarseksjon!** Prisen er relativ låg, då det i dei fleste situasjonar, vil vere ei ferdig oppmålt tomt rundt, slik at det reint oppmålingstekniske arbeidet vil vere enklare.

§ 5.6: Jf. Matrikkelforskrifta § 25

§ 5.8.2: Same pris som for grensejustering. Auka er lik som for grensejustering, men merk at det her er snakk om m<sup>3</sup> og ikkje m<sup>2</sup>.

§ 5.10: Dette går på utsetjing (påvising) av ei allereie eksisterande, tidlegare oppmålt grense. Det vil bli kalla inn til oppmålingsforretning på ordinær måte. Merke, evt. bortkomne grensemerke og måle inn alt for å dokumentere koordinatverdien i forhold til Matrikkelen, evt. kvalitetseving av eksisterande merker.

§ 5.11: Dette går på t.d. oppmålingsforretning over skylddelte tomter. Skylddelingstomter er ein god del rimelegare enn frådelling av ei ordinær tomt. I dette ligg det og ein tanke om at kommunen er tent med at det vert rydda opp i gamle eigedomsgrenser.